norsk

# bridge

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund
nr. 1 – mar. 2013 – 19. årgang

## Åpent EM til Tromsø?

## Midt-Trøndelag seriemestere



## Rekordstor deltakelse i NM for damelag




Hurtigruten er den beste måten å oppleve de norske










Hurtigruten og Norsk Bridgeforbund har inngått en samarbeidsavtale. Nå kan du som medlem i NBF glede deg til en sjøreise med vakker natur, deilig mat, komfortable lugarer og bridge om bord på Hurtigruten. Alle medlemmer får 5 % fast rabatt på individuelle reiser med oss. Kysten vår er spesielt vakker om sommeren. Fra dekk kan du se den norske naturen på sitt aller beste med frodige blomsterenger, gigantiske fossefall, dype skoger, majestetiske fjell og vakre fjorder. Det intense dagslyset varer hele døgnet, og de spennende utfluktene og opplevelsene du kan bli med på underveis, gjør at du med glede holder deg våken om natten.

*Bli med reisen du alltid har drømt om. Bestill i dag!*

**Du bestiller reisen din på telefon 810 30 000.**
Vennligst oppgi at du er medlem i Norsk Bridgeforbund ved bestilling.

120 YEARS

**JUBILEUMSTILBUD**

Medlemmer i Norsk Bridgeforbund får

**5%** rabatt

Gjelder alle reiser med Hurtigruten på Norskekysten i 2013. Rabatten gjelder kun på ordinære priser.

HURTIGRUTEN

Leiar .... 2
Siden sist .... 3
Seriemesterskapet .... 6
NM for damelag .... 26
Reykjavík Bridge Festival .... 30
Newsflash fra UIV .... 32
Nordisk mesterskap for juniorlag .... 33
Lynkurs på Fredly .... 34
Bridge i Kulturuka .... 36
Tidenes yngste kløvermester .... 40
Bridge for alle på Tenerife .... 42
Vestfold-vår med golf og bridge .... 46
Festivalinfo .... 47
Bridge for de relativt ferske .... 50
Villy Dam .... 52
Kort fortald .... 56
Klepp bridgeklubb 50 år .... 60

NORSK BRIDGEFORBUND
Sognsveien 75 A
0855 Oslo
Telefon: 47 47 94 00
(mandag–fredag 12.00–16.00)
E-post: bridge@bridge.no
www.bridge.no
Bankkonto: 5002.05.01585
Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE
Mobil: 974 75 164
e-post: erlend@gammagrafisk.no
Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

LAYOUT
AIT Oslo AS

ANNONSER
Ansvarlig: Erlend Skjetne
erlend@gammagrafisk.no
Annonserpriser: Etter avtale
Annonsemateriell leveres skriftlig, med e-post, eller brev.

TRYKK
Grøset™
Opplag: 9.000

Neste utgivelse
juni 2013
Innleveringsfrist
10. mai 2013

Forsidefoto:
Svein-Jarle Ludvigsen

Trykk: GRØSET™
MILJØMERKET 241 TRYKKERI 148
No. 0004 KLIMANØYTRAL TRYKKSAK
MIX Papir fra bærekraftige kilder FSC™ C004742
RAINFOREST ALLIANCE CERTIFIED




Mange trur nok at bridgespelarar berre sit på ein stol og tenkjer, at dei er gråe myser som lever i ei relativt innsnevra tankeverd. Visse førestillingar om bridgen som eit overklassefenomen, eit makeleg tidsfordriv for velhavande eldre damer med lilla hår og ei lita portvinsflaske i handveska, har òg vist seg seigliva. Ei venninne av meg som aldri har visst noko om bridge, langt mindre spela det, vedgår at ho har næra slike illusjonar inntil nyleg, heilt til ho tilfeldigvis hamna i diverse selskap med bridgespelarar nokre gonger. Mangfaldet vart brått synleg for henne, og ho seier ho framleis blir overraska over kor mange ein som meg, ein relativt sett ganske ordinær bridgepersonasje, ser ut til å kjenne i alle samfunnslag og bransjar og på alskens ulike stader – nettopp gjennom bridgen. Men viss ein ikkje har dei personlege relasjonane som gjer eit slikt innsyn i bridgemiljøet mogleg, vil ein anten bli verande fanga i nemnde illusjonar, råke ut for nye ved å registrere i nyheitene korleis bridgen berre blir nemnd i samanheng med spritsmugling – eller mest sannsynleg aldri få vita noko om bridge i det heile, aldri forstå kva det er.

Underteikna naut ein stor bridgesuksess i februar, då eg var så heldig å vinne den øvste divisjonen i Seriemeisterskapen. Eg hadde svært gode lagkameratar. Kontrasten var stor då eg allereie to dagar etterpå skulle medverke som instruktør på eit bridgekurs på ein ungdomsskule i Trondheim, noko du til liks med Seriemeisterskapen kan lesa meir om lenger ut i bladet. Frå å kjempe på det høgste nasjonale nivået skulle eg altså heilt "back to the basics", til å freista forklåre unge menneske, heilt ukjende med bridgen, kva ei melding og eit stikk er – men viktigare: kvifor dei skal byrja med og sidan halde fram med å spela bridge. I så måte hadde det vore ein stor føremon om alle vrangførestillingar folk måtte ha var borte, og bridgen kanskje heller kunne oppleva litt positiv dekning på forskjellige frontar. Men dette ser ikkje ut til å koma av seg sjølv, på dét området må det ganske enkelt drivast geriljaverksemd: Alle ein kjenner bør få vita kor interessant og sosialt det er å spela bridge, og det skadar ikkje om aviser og andre medium kan nyttast til å fremje den innsikta.

Noko som i denne samanhengen blir diskutert, er kva aldersgrupper ein eigentleg bør satse på i rekrutteringsarbeidet. Sume ser ut til å ha gjeve opp ungdommen, fordi det er så mykje anna som opptek dei, så mange distraksjonar som bridgen ved fyrste augekast ikkje verkar tilstrekkjeleg innbydande og spennande til å kunne konkurrere med. Kanskje bør ein satse på dei godt vaksne, folk rundt pensjonsalder, som faktisk har tid til å lære seg bridge. Den litt frekke, men openberre innvendinga mot dette, er at det ikkje er veldig berekraftig i lengda, og at det unekteleg er vanskelegare å lære tilårskomne menneske noko svært komplisert, enn det er å lære dristige unge hjernar same kunster. Det såg eg under nemnde kurs: Dei unge i dag kan riktig nok vera ganske ukonsentrerte, det er mykje serleg av moderne elektronikk som forstyrrar dei, men viss ein fyrst får fanga merksemda deira, forstår dei bodskapen utruleg fort. Det er vel eigentleg berre å seia det så enkelt at ein må satse i båe endar: Eldrebylgja vil berre vekse seg større her i landet, og det ligg eit stort potensiale, ikkje minst økonomisk for Bridgeforbundets del, i å få med pensjonistar på bridgeturneringar rundt omkring. Men skal vi sikre framtida, og på sikt heva Noreg til gamal storleik internasjonalt, må vi må ha med ungdommen òg. Kunsten då er å gjera bridgen interessant. Det er vanskeleg mellom alle dei fritidstilboda som finst i dag, men det må vera ein god start å syne dei det gode miljøet vårt, å la dei møte menneska som utgjer bridgen, ikkje berre spelet i seg sjølv.

I så måte blir Bridgefestivalen til sumaren eit fint høve, med både Nybyrjarfestivalen og Juniorleiren akkurat som i fjor. Redaktøren har fått i oppgåve av festivalgeneral Inger Hjellemarken å vidareformidle denne glade bodskapen, og ynskje alle hjarteleg velkomen. Programmet finn de lenger bak i bladet, og det er allereie mogleg å melde seg på til alle delar av arrangementet.

Ha ein inspirert og vakker bridgevår!

*Erlend Skjetne,*
*redaktør*

# Siden sist



Kjære bridgevenner!

Et nytt bridgeår er godt i gang! Og 2013 ser ut til å kunne bli et fantastisk år for norsk bridge. Når dette skrives, har vi fått sterke signaler fra det Europeiske Bridgeforbundet, EBL, om at Norge og Tromsø vil bli valgt som arrangør av EM i Bridge i 2015 (se egen faktaboks på neste side). Dette vil i så fall være første gang siden 1969 at Norge er arrangør av et stort internasjonalt bridgemesterskap.

I fire uker sommeren 2015 håper vi å kunne ønske bridgespillere fra Europa og andre nasjoner velkommen til Norge og Tromsø. Omfanget av EM i bridge er i samme størrelsesorden som Sjakk-OL i 2014. Det er beregnet at EM i Tromsø vil generere 20.000 gjestedøgn og ca 55 MNOK i omsetning. Mye å glede seg til både for næringslivet i Tromsø, og for alle i Norge som er glade i Bridge!

EM 2015 representerer etter min mening en unik mulighet til å skape økt oppmerksomhet om bridge både som tankesport og fritidsaktivitet. Dette vil igjen åpne nye muligheter for videre organisasjonsutvikling, og ikke minst rekruttering av nye bridgespillere!

Men det er heldigvis enda en stund til 2015. Mens vi venter på EM, skal ingen være i tvil om at vi i administrasjonen i NBF har fokus på alle våre løpende oppgaver. Den daglige oppfølgingen av våre 25 kretser, 364 medlemsklubber og over 9.300 medlemmer gjør at det er travelt både på telefon og e-post. Vi ber om forståelse for at det i perioder kan være vanskelig å få direkte kontakt med oss, men kan forsikre om at vi svarer så raskt vi kan!

NBF har de siste månedene startet flere viktige utviklingsprosjekter. En egen arbeidsgruppe gjennomgår denne våren vårt samlede turneringstilbudet, med sikte på å anbefale mulige endringer og forbedringer. Det er iverksatt et omfattende arbeid med å oppgradere og redesigne vår hjemmeside bridge.no. Utvalg for internasjonal virksomhet arbeider med forslag til retningslinjer og kriterier for uttak av fremtidige landslag, og kontrakter med alle landslagsspillere. Vårt populære tilbud Bridge for Alle på Paradise Park Hotel på Tenerife vil bli videreført og videreutviklet (neste Nybegynnerkurs arrangeres november 2013, og ny Bridgefestival gjennomføres i januar 2014).

Vi er godt i gang med å planlegge markedsføring og gjennomføring av årets Bridgefestival i Fredrikstad (se annonse et annet sted i bladet).

Noen ord om klubbadministrasjon og registrering av resultater og mesterpoeng: Per i dag har 244 av våre medlemsklubber tatt i bruk Ruter som program for turneringsregnskap. Manuell registrering av resultater og mesterpoeng fra de resterende 120 klubbene er til tider svært tidkrevende. Det vil utover våren bli utarbeidet en handlingsplan for hvordan vi sammen med kretser og klubber kan få flest mulig av de mange klubbene som fremdeles leverer resultater fra sine kveldsturneringer ”på gamlemåten” til å ta i bruk Ruter. Med Ruter kan klubben på en helt annen måte tilby sine medlemmer løpende resultater og analyser av hvert spill. Mitt ønske er derfor at ledere av klubber som fremdeles ikke har innført Ruter, tar tak i dette så snart som mulig. Kontakt din krets eller oss i NBF, så kan vi love all mulig hjelp og opplæring slik at klubben kan tilby medlemmene bedre turneringstilbud og resultatservice.

Som dere vil se flere steder i dette bladet, NBF med våre nesten 10.000 medlemmer er en attraktiv samarbeidspartner for næringslivet. I tillegg til vår treårige avtale med Codan Forsikring, kan vi glede våre medlemmer med at vi i år foreløpig har inngått tre nye samarbeidsavtaler. Hurtigruten (se annonse

på side 2) og Oska-Travel (annonse på nest siste side) er begge profesjonelle partnere som tilbyr våre medlemmer hyggelige reiseopplevelser både med og uten bridge. Rett før dette nummeret går i trykken, kan vi også bekrefte en samarbeidsavtale med Rica Hotels som vår foretrukne hotellpartner. For nærmere informasjon om våre partnere og løpende tilbud, vises det til informasjon på hjemmesiden under NBFs Partnere. Gjennom ditt medlemskap får både du og dine nærmeste mulighet til rabatter og gode medlemsfordeler.

Arbeidet med rekruttering er heller ikke glemt! Klubber landet rundt jobber iherdig med opplæring og med å få gamle medlemmer tilbake til bridgebordet. Selv om vi vet at mange sliter med synkende medlemstall, er det heldigvis også en rekke solskinnshistorier og eksempler på klubber som lykkes i sitt å hente inn tidligere medlemmer og rekruttere nye generasjoner.

Under NM Damer Lag i Trondheim (et flott arrangement med rekorddeltagelse som du kan lese nærmere om et annet sted i bladet) hadde jeg en hyggelig prat med Sofie Græsholt Sjødal (11 år i april). Sofie er tatt ut på jentelandslaget som skal delta i Nordisk Mesterskap for junior i påsken. Sofie kunne fortelle at hun i tillegg til skole, venner, bridge og håndball, underviser bridge på SFO på Nesoddtangen skole en gang i uka! Slike jenter vil NBF og bridge-Norge ha!

Årets juniorleir på Bridgefestivalen har allerede 14 påmeldte, hvorav ni er nybegynnere. Selv har jeg bidratt med et bord (to døtre på 12 og 13 år, som fikk juniorleir med hver sin venninne i julegave fra pappa). Jeg oppfordrer herved alle bridgespillere med egne barn og/eller barnebarn til å gjøre det samme! Bridge er gøy!

Lykke til med vårsesongen!

*Knut S. Brinchmann,*
*generalsekretær*

# EM Bridge 2015

**EM Bridge 2015 består av tre arrangementer; Åpent EM, Ungdoms-EM og en internasjonal juniorfestival. De tre arrangementene strekker seg over en periode på tre uker fra 26. juni til 17. juli 2015. Den direkte økonomiske effekten for næringslivet i Tromsø er beregnet til ca 55 millioner kroner.**

**Arrangementet har en foreløpig budsjettramme på 35 MNOK, hvor 1/3 kommer fra offentlig finansiering, 1/3 fra næringslivet og 1/3 fra NBF gjennom frivillig innsats.**

**EM-arrangementet er per i dag støttet med 5,8 MNOK fra Troms Fylkeskommune. Ytterligere offentlig støtte (lokalt eller nasjonalt) er sammen med samarbeidsavtaler med næringslivet derfor en forutsetning fra NBFs side før en endelig avtaleinngåelse med EBL.**

**Forhandlingene med EBL om gjennomføringen av EM i 2015 starter rett etter påske. Endelig avtaleinngåelse mellom EBL og NBF forventes innen juni 2013.**



# Dansk Bridgefestival 2013

6.-14. juli i Vingsted ved Vejle

## Danish Open fra 8. - 11. juli

**Tag kampen op med Danmarks stærkeste hold**

## Guld, sølv og bronzeturneringer hver dag

**Tag på bridgeferie i det naturskønne Jylland og nyd den danske sommer i selskab med andre bridgeelskere.**



## Læs mere på www.bridgefestival.dk

Dansk Bridgefestival er både for begyndere og kongelige. Her spiller Hans Kongelige Højhed Prinsgemalen mod to unge svenskere under festivalen i 2012. Foto: Steen Brogaard



# Seriemeisterskapen:

# 1. og 2. divisjon



*Vinnarar i fyrstedivisjon, Midt-Trøndelag. Frå venstre Glenn Grøtheim, Espen Erichsen, Ulf Håkon Tundal, Terje Aa, Allan Livgård og Erlend Skjetne*

*Av Erlend Skjetne / Alle bilete: Svein-Jarle Ludvigsen*

**Det ser ut som ein omsider har funne ei suksessoppskrift på avviklinga av dei to øvste divisjonane i Seriemeisterskapen. Arrangementet gjekk i alle fall strykande i Letohallen ved Gardermoen båe helger i år.**

Inger Hjellemarken deltok ikkje denne andre helga, men staben med Ronny Korsmo, Per Nordland, Svein-Jarle Ludvigsen, Kristine Gjøs og den unge dataguruen Stian Jensen såg ut til å ha full kontroll heile vegen. Det som valda mest misnøye denne helga, var nok den låge temperaturen i det store lokalet, som det ganske visst må ta lang tid å varme



*Ronny Korsmo styrte arrangementet med stødig hand. Her er han i samtale med pressa*



*Stian Jensen, Per Nordland, Svein-Jarle Ludvigsen og Kristine Gjøs*

opp. Fleire vart aldri i laupet av helga observerte utan boblejakke og topphuve. Eg ville i utgangspunktet trudd at det var mogleg for garva bridgekunstnarar å spela seg varme på mindre enn ei helg, men det var nok ikkje så interessante spel denne andre helga som den fyrste. Ikkje dimed sagt at det ikkje var høve til å gjera mange og store feil.

Fyrstedivisjon byrja med lag Grøtheim i føringa, 11 VP framfor Lillevik, ytterlegare to poeng framfor Kopstad, og deretter var det forholdsvis tett nedover. Dei fleste hadde nok venta seg ein spennande kamp om sigeren, som det ofte har vore i denne divisjonen, bortsett frå eit par sesongar der lag Kopstad har overtydd. Men denne gongen vart det ingen nemneverdig strid om gullet. Lag Grøtheim byrja fyrste runde laurdag i rama, og vart verande der heile helga igjennom, stadig på toppen av resultatlista. At dette gjorde det litt vanskelegare enn vanleg for underteikna å fylgje med på kva andre lag dreiv med i dei ulike rundane, var ein uheldig bieffekt. Men ein liten gjennomgang må eg vel uansett forsøkje meg på.

Det var riktig nok ikkje overtydande speling i den fyrste halvrunden i denne fyrste kampen, då Grøtheim skulle ut mot lag Hauge ved Geir Helgemo – Christer Kristoffersen og Erik Sælensminde – Jan Petter Svendsen. Men så kom Allan Livgård og Terje Aa inn mot sin klubbkameratar frå Heimdal Helgemo og Christoffersen, og prova at dei hadde skumle planar. Fylgjande spel illustrerer kva einestående flyt dei hadde heile helga, men syner òg verdien av gode vurderingar – og avtaler, ikkje minst.

♠3
♥10863
♦K5
♣KQJ762

♠AQJ
♥KJ42
♦AQ1084
♣A




♠982
♥975
♦J97632
♣10

♠K107654
♥AQ
♦-
♣98543

Mot underteikna enda eit ikkje heilt godt meldingsforlaup med at nord vart spelande 5 kløver dobla, og då han visste eg hadde hjarter og ruter, fann min makker Espen Erichsen heldigvis hjarter ut – han såg jo at ruteren ikkje kunne produsere mange motspelsstikk. Dimed vart det ei beit og 200, men det var ikkje naudsynlegvis noko godt resultat, då vår side hadde 400 enkle tilgjengeleg i 5 ruter. Det var rett nok ikkje så lett å koma dit når vesthanda fekk sjansen til å doble 5 kløver, der det saktens såg ut som det kunne vera meir enn éi beit. Men faktum er at 5 kløver står – viss ein berre får spela han i sør. Det var vanskeleg overalt der sør opna 1 spar, vest dobla og nord melde 2 kløver naturleg. Men Livgård og Aa hadde den lure avtala å bruke overføringar etter denne innleiinga, såleis at Livgård kunne melde 1 grand for å vise kløver. No fekk Aa i sør sagt 2 kløver, som ikkje sa noko serleg om støtta, og då Livgård kjempa til 3 mot det som kunne vera renons i sør, hoppa Aa til utgang med den spennande fordelinga si. Det var 750 raske. Det einaste andre paret i salen som noterte den scoren, var Lasse Aaseng og Cato Sundeng i andredivisjon.

Det gjekk gjetord om at Thor Erik Hoftaniska på lag Rasmussen produserte eit vakkert motspel denne runden, riktig nok mot ein suboptimal kontrakt. Ofra spela på lag Davidsen.



*Lag Hauges superkjendis Geir Helgemo, her mot Espen Erichsen – med lag Grøtheims ikkje-spelande kaptein Einar Asbjørn Brenne på vingen*

♠Q75
♥AQ7
♦AK653
♣QJ

| Vest | Aust |
|---|---|
| ♠AJ3 | ♠64 |
| ♥K1084 | ♥652 |
| ♦Q2 | ♦J974 |
| ♣K854 | ♣10973 |

♠K10982
♥J93
♦108
♣A62

Av ein eller annan grunn kom den meir eller mindre nordtrøndske nordtrøndaren ikkje i normale 4 spar, men i 3 grand i sør. Då han fekk hjarter ut til niaren, må det ha sett ganske lyst ut. Diverre valde han å spela spar til dama og spar til tiaren, og då var det slutt på Hoftaniskas samarbeidsvilje: Han la ned kløver konge! Det var ein brå daud for sørs hand; han kom ikkje lenger enn til åtte stikk.

I sjuande kamp vann Grøtheim til slutt 17-13 over Hauge, det same gjorde Hornslien over Kopstad og Våge over Thoresen. Lie og Skoglund spela uavgjort, medan Rasmussen vann heile 22-8 over Davidsen, og lag Høylands vanskar vart endå djupare enn dei hadde vore etter fyrste helga, då dei no tapa heile 25-5 mot Lillevik.

I runden etter skulle leiarane Grøtheim ut mot fjorårsvinnarar Kopstad. Det var vel å merkje klårt allereie før denne helga at det gjekk mot visse



*Mengder av gull til fordeling i fyrste- og andredivisjon*

endringar på dette laget, og ein kunne nok ane at spelinga deira ikkje gleid fullt så godt i årets sesong som den førre. Fylgjande høgdramatiske kasus veit ein knapt om ein skal le av eller gråte over, men det viser iallfall kva utrulege smerter bridgespelarar av og til må tole.

♠2
♥Q3
♦AK2
♣AKJ10942

| Vest | Aust |
|---|---|
| ♠A93 | ♠KQ10876 |
| ♥10986542 | ♥7 |
| ♦QJ9 | ♦108 |
| ♣- | ♣Q863 |

♠J54
♥AKJ
♦76543
♣75

Mot Gjermund Rekstad og Petter Tøndel opna Terje Aa i ein konstruktiv 2 hjarter på vesthanda. Då gjekk det 3 kløver inn, 3 grand frå Petter Tøndel, 4 kløver krav og sleminvitt i nord, før Tøndel ikkje unaturleg slo av i 4 grand. Det viste seg tilfeldigvis å vera ein tåpeleg kontrakt, men med ruter dame ut frå vest var det iallfall litt håp. Diverre måtte ein avgje eit kløverstikk undervegs. På kløver ess la Aa hjarter ti, på kløver knekt hjarter ni, og då Livgård dukka denne for å få sjå endå eit høgt og tydeleg hjarteravkast, greidde han å skifte spar inne på kløver dame, for ikkje mindre fire beit i dette prosjektet. Lykka for nord – sør var at 5 kløver òg likna beit, ettersom forsvaret der kan få ei hjartersteling i tillegg til trumfdama og sparstikket. Men etter opning 3 hjarter frå Jan Tore Berg og 4 kløver inn frå Glenn Frode Grøtheim, melde også Ulf Håkon Tundal ein ganske plausibel 4 grand, avtala som naturleg, og vart spelande der. Motspelet gjekk likeins fram til Svendsen var inne på kløver dame, bortsett frå at hjarterkasta frå Berg var noko mindre tydelege. Viss han har ein betre ruter og ess eller konge i hjarter, må sør nesten ha spar ess, og då skal aust setja opp makkers ruter i staden for å freista godspela sin eigen spar. Svendsen greidde ikkje sparskiftet, og plutseleg hadde speleførar elleve stikk i 4 grand.



*Jan Tore Berg*



*Ved sidan av Lagfinalen er fyrstedivisjon den einaste årlege tevlinga i Noreg som blir spela med skjermar*

Små hendingar kan få store konsekvensar i bridge, så det gjeld å fylgje nøye med og ta tenkjepausane sine i tide. Underteikna svikta fullstendig i fylgjande spel.

Nord: ♠AJ106 ♥AQJ84 ♦AK4 ♣5

Vest: ♠743 ♥52 ♦Q73 ♣A7643





Øst: ♠95 ♥K963 ♦J1085 ♣1092

Sør: ♠KQ82 ♥107 ♦962 ♣KQJ8

Som sør valde eg å opna 1 kløver med berre elleve poeng, noko eg meiner er riktig med så gode fargar. Makker svara 1 ruter som viser hjarter, eg viste maks dobbel hjarter med 1 spar, og då makker kravde til utgang med 2 ruter, hadde eg ingen gode alternativ. Eg fall ned på 2 hjarter, som viser dobbelton, men nok helst honnør dobbel. Makker sette trumfen med 2 spar, eg viste kliss minimum ved berre å hoppe til utgang, men makker gjekk på med Blackwood, og eg synte pliktskuldigast den eine essverdien min. No kom poenget: Makker spurde etter trumfdama med 5 hjarter, og eg sat klår til å vise denne og kløver konge med 6 kløver. Men så kom Ole Kristoffer Kopstad imellom med ei dobling. Ursløvt melde eg likevel det eg hadde planlagt, 6 kløver, og like etter var vi ei beit i 6 spar. Slemmen heng på ein kutt, så det var ikkje eigentleg så gale å melde han – om ein ikkje som meg fekk vita i meldingsforlaupet at hjarter konge sat bak. Kopstads dobling kan ein vanskeleg kritisere, han ville jo ikkje ha noko anna enn hjarter ut mot slem, men eg skulle sjølvsagt passa 5 hjarter dobla og iallfall gjeve makker moglegheita til å leggje av. Er han sylfrekk redoblar han, viss no dét er for spel, men også 5 spar heim ville gjeve stor gevinst mot den ganske naturlege beita i slem på det andre bordet.

Trass i dette spelet vann Grøtheim åttande runde 22-8 mot Kopstad. Davidsen gjekk òg på endå ei lita mine i denne kampen, 19-11 mot Skoglund, og byrja liggje tynt an. Elles vart det jamt, Hornslien slo Rasmussen 18-12, Høyland Thoresen 16-14, Våge Lie med same siffer, medan Hauge og Lillevik spela uavgjort.

I neste runde fylgde eit nytt døme på kor tydingsfulle småe ting kan vera.

Nord: ♠AJ984 ♥4 ♦J84 ♣A743

Vest: ♠Q10632 ♥862 ♦753 ♣J8





Øst: ♠K75 ♥K73 ♦Q9 ♣K10965

Sør: ♠- ♥AQJ1095 ♦AK1062 ♣Q2

Slem er bra på desse korta, spesielt i ruter, men i heile fyrste- og andredivisjon var det ikkje overtydande mange som kom seg dit. Får ein melde i fred bør



*Glenn Grøtheim, attende på toppen i fyrstedivisjon*

det eigentleg vera greitt med innleiinga 1 hjarter – 1 spar; 3 ruter – 4 kløver. Den siste meldinga er viktig, det kan bli krøll dersom ein ikkje får kontrollmeldt kløveren med ein gong, men i staden berre set trumfen med 4 ruter, ei lite økonomisk og i dette tilfellet meiningslaus melding. Så lenge sør veit om kløverkontroll og litt sleminteresse hjå makker, er det nok meir aktuelt for han å melde storeslem enn å stogge i utgang, og det stod då også tretten stikk om ein spela riktig. Vi får håpe at alle dei som stogga i 4 hjarter, vart utsette for ei lett opning 1 kløver i aust; då var det straks mykje verre. For bergensarane som spela mot Glenn Grøtheim var det i alle fall heilt umogleg å finne 6 ruter – då Grøtheim i fyrstehand opna med 1 ruter! Den nokså inkjeseiande ruteropninga er gjerne sett på som ein veikskap ved presisjonssystem, men her gjorde ho susen.

Mellom anna takka vera dette spelet, og ein generelt eventyrleg runde av Allan Livgård og Terje Aa, snudde lag Grøtheim kampen mot Rasmussen etter å ha lege under ved halvtid. Dei vann 18-12, medan næraste utfordrar Lillevik tapte med same siffer mot Kopstad. Våge hadde byrja ei fantastisk opphenting, no med 23-7 mot Høyland, som for sin del var fortapte på dette tidspunktet. Også for Davidsen byrja det sjå svært stygt ut, no med tap 23-7 mot Lie. Skoglund vann 20-10 over Hornslien, og Thoresen 17-13 over Hauge.

Grøtheim kunne dimed byrja på den siste og avgjerande dagen med eit forsprang på 15 VP, utvilsamt ei lovande leiing. Allereie den nest siste runden skulle koma til å avgjera gullkampen, viss ein no overhovudet kan kalle det ein kamp.

Fylgjande spel røper meir av oppskrifta på Livgård og Aas suksess denne helga: harde, men gode meldingar, ispedd den naudsynte porsjonen flaks.

| | | |
|---|---|---|
| | ♠83<br>♥97<br>♦A972<br>♣AKJ93 | |
| ♠A4<br>♥K2<br>♦K10654<br>♣10762 |  | ♠KJ1065<br>♥QJ864<br>♦J3<br>♣4 |
| | ♠Q972<br>♥A1053<br>♦Q8<br>♣Q85 | |



Etter pass i vest opna Livgård i nord i 1 kløver, og aust melde inn 2 kløver, båe major. Terje Aa byrja med ei dobling, som i utgangspunktet viser straffeinteresse. Vest melde 2 ruter, som kanskje bad aust melde sin beste major, men meldinga kan ha hatt eit naturleg tilsnitt, for då Livgård dobla passa aust, slik at han kanskje iallfall hadde visst litt toleranse for ruter. 2 ruter dobla, til liks med både 2 hjarter og 2 spar, kunne saktens vorte interessant. Men Aa gambla ikkje på pass, han melde heller ein naturleg 2 grand. Livgård hadde berre tolv



*Terje Aa*



*Allan Livgård*

poeng, men ein glimrande kløver å lyfte til utgang på. Det er uvisst korleis spelet vil gå med ein av majorfargane ut: I teorien står det ikkje meir enn åtte stikk i grand, men det er fort gjort å prakke på det niande. Aktuelt tok det berre nokre sekund, då vest spela ut ein ruter. Aust måtte på med knekten, slik at Aa ganske enkelt kunne halde fram i ruter i andre stikk. Med tri stikk der, fem i kløver og hjarter ess, var det ni i alt.

Det var vel Eric Rodwell som forklåra sine tallause lagkampmerittar nettopp med spel som dette siste: "It's all about bidding those filthy games and making them." Ein bør ikkje ta for store sjansar på slemnivå, for der er innsatsen like høg som den eventuelle inntening a blir, samstundes som det logisk nok er lettare for forsvaret å beite ein dårleg slem enn ein dårleg utgang – dei treng jo ikkje så mange stikk mot slemmar. Det er på utgangsnivået – kor mange spel ligg ikkje gråsona mellom delkontrakt og utgang? – at det er størst rom for å skapa poeng.

Til slutt stod det heile 25-5 til Grøtheim over Skoglund, og då Lillevik ikkje fekk til meir enn 14 mot Rasmussen, innebar det at Grøtheim, med ei leiing på 27, hadde vunne tevlinga før siste kamp. Hornslien spela i nest siste runde uavgjort mot Lie, Thoresen vann 16-14 over Kopstad, Hauge 19-11 over Høyland og Våge 21-9 over Davidsen. Dimed var Våge, som låg syltynt an etter fyrste helg, utruleg nok med i bronsemedaljestriden, i grunnen i selskap med alle andre lag frå tridje til tiande plass. For Davidsen og Høyland såg det derimot ut til å vera over.



*Ivar Berg gjorde ei glimrande andre helg i fyrstedivisjon. Her mot Nils Kåre Kvangraven*

Lag Grøtheim hadde altså berre butlaren å spela for i ellevte og siste kamp, men for motstandarane kunne kampen godt svinge frå pall- til nedrykksplass. Omsider kom det eit par interessante speleføringsprøver. Til dømes fylgjande, der Terje Aa gjorde ein sjeldan blunder. Han har fått så mykje skryt at ein kan godt kan le litt av han òg, serleg når feilen hans ikkje hadde andre konsekvensar enn nettopp på butlaren.

| Vest | | Nord / Sør | | Aust |
|---|---|---|---|---|
| | | ♠8<br>♥Q63<br>♦AK862<br>♣10754 | | |
| ♠Q962<br>♥A9874<br>♦753<br>♣K | |  | | ♠K4<br>♥1052<br>♦J4<br>♣J983 |
| | | ♠AKJ10<br>♥KJ<br>♦Q109<br>♣AQ62 | | |



Brorparten av feltet spela 3 grand på ressursane nord – sør her, og gjorde rett i det. Men etter eit aldri så lite slemforsøk stranda Terje Aa i 5 kløver, ein kontrakt som ofte fyk heim, men unekteleg liknar beit med den ekle kløversitsen. Han fekk hjarter ess og meir hjarter ut, og byrja bra ved å leggje ned kløver ess, som er riktig fargehandsaming ettersom ein nesten alltid har tapar i denne sorten uansett – her handlar det berre om å unngå to. Då vest fylgde med kongen var kløversitsen klår, og det var like klårt at det trongst eit sluttspel der aust i stikk tolv må spela unna knekt, ni i kløver til kombinert saks. Aa heldt fram like godt som han byrja, med ess, konge i spar og spar knekt, dekt, til steling. Det må gissast litt på aust si fordeling, men Aa var tilsynelatande framleis på rett kurs då han spela ruter til dama og spar ti. Men plutseleg stod det på skjermen at han hadde gått ei beit! Det viste seg at Aa hadde trudd at aust trumfa sparen, og difor kleima han like gjerne ei beit – i ein soneutgang han altså låg an til å vinne. Det hadde jo vore eit avisspel om han hadde greidd kontrakten, no vart det i beste fall ein morosam anekdote.

♠AJ3
♥J875
♦75
♣K643

| | | |
|---|---|---|
| ♠Q109765<br>♥Q6432<br>♦Q<br>♣2 |  | ♠K4<br>♥AK10<br>♦108432<br>♣875 |

♠82
♥9
♦AKJ96
♣AQJ109

Underteikna var mellom dei som spela 3 grand her, neppe ein tilrådeleg kontrakt, men det sat no slik at det ikkje gjekk an å gå beit der. 5 kløver er det tryggaste, men 6 har greie sjansar. Møre og Romsdal sin speleførar gjekk beit i slem, men han burde nok ha vunne kontrakten sin. Over ruteropninga var vest inne med ei sperremelding i spar, og etter negativ dobling i nord synte aust ein god lyft med 3 hjarter. Sør hoppa til 5 kløver, letta til 6 i nord. Vest spela hjarter ut til kongen, og aust prøvde å gje makker ei rutersteling. Men esset felte dama, og to rundar trumf avslørde trumfsitsen. No må det vera riktig å spela ruter til kutt på niaren, to store ruter med sparavkast, ruter til steling, spar ess, hjarter til steling og spar til steling. Resten av sørs kort er store trumf. Då speleførar kom i skade for å ta ein tridje trumfrunde, måtte han diverre finne seg i å gå beit, fordi han i sluttposisjonen ikkje hadde trumf å stela spartaparen med.

I aller siste halvrunde kom eit av dei mest dramatiske spela i heile helga.

♠Q9875
♥AQ83
♦Q64
♣J

| | | |
|---|---|---|
| ♠642<br>♥106<br>♦109<br>♣AQ10975 |  | ♠AK103<br>♥9752<br>♦K5<br>♣843 |

♠J
♥KJ4
♦AJ8753
♣K62

Vel, på mitt eige bord var det ikkje det store av hurlumhei. Etter at Bjørn Olav Ekren melde inn 2 kløver over ruteropninga mi, og Ole Berset inviterte til utgang med 2 grand, vart det ikkje så aktuelt for meg og makker å koma i utgang, så vi noterte 130 i 3 ruter. Båe sider kan faktisk vinne 3 grand om forsvaret bommar utspelet – men med riktig motspel går det cirka like katastrofalt båe vegar. Naturleg nok spela dei aller fleste ein kontrakt nord – sør. Dei ulykksaligaste tok sjansen på å passe 3 grand dobla, som riktig nok står om ein får kløver ut og dertil greier å finne ruteren, men som med det sparutspelet aust si dobling fort bad om, går heile fem beiter. Toppen nord – sør var 750 inn i 5 ruter dobla, andre vegen 2200 i 3 grand redobla med fire beiter.



*Tor-Ove Reistad og Hilde Aas Nøst, BBO-operatørar andre helg*



*Tor Bakke og lag Høyland må ned i andredivisjon – men der blir dei vel ikkje lenge?*



*Bronse til Rogaland i fyrstedivisjon. Frå venstre Christer Kristoffersen, Erik Sælensminde, Jan Petter Svendsen, Geir Helgemo og Anna Malinowski. Rune Hauge var ikkje til stades då biletet vart teke*

Med senka skuldrer greidde Grøtheim 18-12 mot Lie, som nok må ha følt dei låg syltynt an med denne scoren i siste kamp. Men dei fekk hjelp frå uventa hald: Høyland, som låg klårt sist og ikkje hadde anna enn litt heider og ære å spela for, banka fjorårsvinnarane Kopstad heile 25-2! Dimed hamna dette laget, som heilt inntil siste kamp var med i medaljekampen, plutseleg på nedrykksplass. Også Davidsen var fortapte, og hadde lita nytte av 17-13 mot Hornslien. For Hornslien var dette diverre akkurat for lite til å nå den tridje medaljeplassen, som Hauge sikra seg med siger 17-13 over Våge. Hadde dette resultatet vorte motsett, ville Våge teke bronsemedaljen. Lillevik sikra sylvet greitt med 18-12 mot Skoglund, medan Rasmussen og Thoresen ikkje kom lenger enn til køa ved å spela 16-14.

I dei tri andredivisjonspuljene, som kvar har tolv lag, kor av eitt rykkjer opp og tri rykkjer ned, vart det litt meir spennande enn i fyrstedivisjon. I pulje A var det lenge Romerike-laget Grime som var i føringa, men bakfrå kom lag Mæsel frå Vest-Agder, og då internoppgjeret mellom desse laga i aller siste kamp enda heile 22-8 til Mæsel, tok dei til slutt ein ganske klår siger. Dimed er Snorre Aalberg, Ann Karin Fuglestad og brørne Helge og Roald Mæsel attende i fyrstedivisjon, no assisterte av nordlendingane Lars Arthur Johansen og Marianne Harding, som spela med høvesvis Aalberg og Fuglestad denne helga. Også i pulje B var det to lag som til slutt utmerkte seg. Berre 2 VP skilde dei til slutt, men det vart lag Hansen frå Vest-Agder, med Jon Solli Hansen, Nils Ravnaas, Geir Brekka, Tom Anders Høiland, Frank Erik Svindahl og Kjetil Hildal, som trekte det lengste strået framfor Hedmark og Opplands lag Holmbakken. I pulje C var det lenge det helgelandske lag Thomassen, med mellom andre det veldig aktivt satsande paret Kurt-Ove Thomassen og Svein-Gunnar Karlberg, som såg ut til cruise inn til siger. Men det rakna litt i ein periode mot slutten, og då såg Buskerud-laget Smith sitt snitt til å stikke forbi. Sigurd Evjen, Vidar Smith, Lars Allard og Håvard Jensen har i mange år jamt vore i toppen av andredivisjon, og i år, no hjelpte av Tormod Røren og Øyvind Saur, rykka dei altså endeleg opp.



*Sylv til Oslo i fyrstedivisjon. Frå venstre Jon Kåre Schjelderupsen, Øyvind Ludvigsen, Runar Lillevik, Dag Jensen, Jon-Egil Furunes og Jan Mikkelsen*

Nemnde Thomassen og Karlberg vann den totale butlaren suverent, med eit snitt på sterke 1,44. På andre og tridje fylgjer høvesvis Øyvind Saur – Tormod Røren og Sigurd Evjen – Vidar Smith, medan Allan Livgård – Terje Aa kom hakket bak. Men dei sistnemnde spela altså i fyrstedivisjon, og var det beste paret der.

For å oppsummere, må ein seia at resultatlista i fyrstedivisjon vart ganske spesiell i år, samstundes som ho røper ein god del om norsk toppbridge av i dag. To lag som tok medalje i fjor, Kopstad gull og Davidsen bronse, rykka i år ned. Det tridje nedrykkslaget, Høyland, tok sylv og var nære på gull året før dét igjen, og alle desse laga har vore i fyrstedivisjon i mange år på rad no. Grøtheim vann med den største marginen ein har sett på lenge, men rykka ned for berre to sesongar sidan, og var altså nyopprykka i år. Det same var Lillevik, som mange kanskje hadde tippa på nedrykksplass i år, men som med ei lita forsterking altså no tok sylv, og dét klårt framfor bronseplassen. Det tridje nyopprykka laget, Skoglund, som til liks med Lillevik har gått mykje opp og ned mellom fyrste- og andredivisjon dei siste åra, greidde seg òg fint i år. Det er kanskje rett og slett slik at alle laga som spela fyrstedivisjon i år, kunne vunne tevlinga om dei fann den rette flyten. Det inneber ikkje at nivået er dårleg, langt ifrå, men at ein har ein jamt god elite, der verkeleg, verkeleg gode par og lag diverre ser ut til å mangle. Det er nok òg sterkt medverkande til at Noreg ikkje når heilt til topps internasjonalt for tida.

Laga som rykka opp frå andredivisjon denne gongen er òg svært gode, og det er ingen av dei som peikar seg ut som klåre nedrykkskandidatar til neste sesong, skjønt dei nok alle er langt frå å vera gullfavorittar. Men det sa nok også sume før årets sesong, om det tilsynelatande litt fallerte lag Grøtheim … for ikkje å nemne sylvmedaljørane Lillevik. Nivået i neste sesongs utgåve av Seriemeisterskapen blir utvilsamt lægre enn det var i år, utan laga Kopstad, Davidsen og Høyland. Men det er vanskeleg å tru at Grøtheim skal kunne sigle inn til siger like leikande lett endå ein gong, og eg trur nok det blir endå ein meisterskap der alle slår alle og alt i grunnen kan skje.



*Vinnarar i andredivisjon avdeling A, Vest-Agder. Frå venstre Ann Karin Fuglestad, Lars Arthur Johansen, Roald Mæsel, Snorre Aalberg, Marianne Harding, Helge Mæsel*



*Vinnarar i andredivisjon avdeling B, Vest-Agder. Frå venstre Nils Ravnaas, Geir Brekka, Tom Anders Høiland, Jon Solli Hansen, Frank Erik Svindahl. Kjetil Hildal var ikkje til stades då biletet vart teke*



*Vinnarar i andredivisjon avdeling C, Buskerud. Frå venstre Vidar Smith, Lars Allard, Øyvind Saur, Sigurd Evjen, Håvard Jensen og Tormod Røren*

# Norsk Bridgefestival 2013

## Fredrikstad, 2.—10. august

**Juniorleir, 28. juli—2. august** **Begynnerfestival, 1.—3. august**








NBF invitere til den 14. årlige Bridgefestival.
Som i 2012 arrangeres festivalen i sommerbyen Fredrikstad.
I forkant av festivalen blir det arrangert Juniorleir og Begynnerfestival.

### Norgesmesterskap

- NM-par (parfinalen)
- NM-mix, par
- NM-mix, lag
- NM-monrad, par
- NM-monrad, lag
- NM-junior, par
- NM-damer, par
- NM-veteran, par

### Andre turneringer

- GolfBridge
- IMPs across the field
- Patton
- Begynner
- Kretspoeng
- Klubbpoeng
- Kveldsturnering

**www.bridgefestival.no**

Norsk Bridgefestival NBF

VISIT Fredrikstad & Hvaler

NBF

## Resultat 1. divisjon

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **1** | 211 | Grøtheim | Midt-Trøndelag 3 | Grøtheim - Tundal - Livgård - Aa - Erichsen - Skjetne |
| **2** | 184 | Lillevik | Oslo 1 | Lillevik - Furunes - Mikkelsen - Ludvigsen - Schjelderupsen - Jensen |
| **3** | 170 | Hauge | Rogaland 1 | Hauge - Malinowski - Helgemo - Kristoffersen - Sælensminde - Svendsen |
| **4** | 169 | Hornslien | Midt-Trøndelag 1 | Hornslien - Høyem - Austberg - Lund - Berg - Simonsen |
| **5** | 166 | Våge | Midt-Trøndelag 2 | Våge - Eide - Berg - Kippe - Græsli - Bogø |
| **6** | 165 | Thoresen | Østfold og Follo 1 | Ovesen - Thoresen - Anderssen - Marstrander - Stabell |
| **7** | 162 | Rasmussen | Hordaland 1 | Rasmussen - Botton - Malinowski - Charlsen - Hoftaniska - Bentzen |
| **8** | 159 | Skoglund | Østerdal 1 | Skoglund - Skoglund - Sætre - Evenstad - Larsen - Ovesen |
| **9** | 156 | Lie | Møre og Romsdal 1 | Lie - Kvangraven - Ekren - Berset - Kindsbekken - Voll |
| **10** | 153 | Kopstad | Vestfold1 | Kopstad - Kopstad - Berg - Svendsen - Rekstad - Tøndel |
| **11** | 143 | Davidsen | Nord-Trøndelag 1 | Davidsen - Saur - Nybo - Brogeland - Hansen - Ringseth |
| **12** | 134 | Høyland | Hordaland 2 | Bakke - Høyland - Høyland - Eide - Høyland - Fyrun |

## Resultat 2. divisjon avdeling A

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **1** | 207 | Mæsel | Vest-Agder 1 | Mæsel - Mæsel - Aalberg - Johansen - Harding - Fuglestad |
| **2** | 192 | Grime | Romerike 1 | Grime - Kristensen - Bjerkan - Olsen - Sundeng - Aaseng |
| **3** | 184 | Selfors | Helgeland 1 | Selfors - Småli - Bogen - Bogen - Bogen - Eriksen |
| **4** | 183 | Kjærnsrød | Vestfold 2 | Kjærnsrød - Frydenberg - Bergheim - Sundseth - Olsen - Syversen - Kristiansen |
| **5** | 171 | Mælen | Sør-Trøndelag 1 | Mælen - Kjønsvik - Hegge - Grude - Krogh - Bjørkan |
| **6** | 159 | Homme | Vest-Agder 3 | Homme - Homme - Stornes - Olsen - Reinertsen - Hansen |
| **7** | 159 | Træet | Haugaland 2 | Træet - Tveito - Gamlemshaug - Lunde - Haga |
| **8** | 156 | Skimmeland | Rogaland 2 | Skimmeland - Leinan - Olsen - Baumann - Larsen - Bårdsen |
| **9** | 144 | Sivertsen | Troms og Ofoten 2 | Sivertsen - Eriksen - Hanssen - Hegrand - Lyngen - Larsen |
| **10** | 140 | Lauritsen | Hedmark og Oppland 4 | Lauritsen - Haugseth - Gravanes - Vestveit - Borge |
| **11** | 137 | Thomassen | Vest-Finnmark 1 | Bull - Thomassen - Andersen - Bull - Ernstsen - Hætta |
| **12** | 136 | Hauksson | Oslo 5 | Hauksson - Monrad - Høyland - Markussen - Wiborg - Brandvold |

## Resultat 2. divisjon avdeling B

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 194 | JSHansen | Vest-Agder 2 | Hansen - Hildal - Svindahl - Ravnaas - Brekka - Høiland |
| 2 | 192 | Holmbakken | Hedmark og Oppland 2 | Holmbakken - Johnstuen - Ohren - Brentebråten |
| 3 | 170 | Søiland | Rogaland 3 | Søiland - Ueland - Frøyland - Herland - Nesdal - Ueland |
| 4 | 169 | TE Hansen | Salten 1 | Hansen - Andresen - Åselid - Aabye - Farstad - Sveindal - Karlsen |
| 5 | 169 | Vinjevoll | Møre og Romsdal 2 | Vinjevoll - Årdal - Sunde - Sivertsvik - Holmøy - Vist |
| 6 | 164 | SA Olsen | Troms og Ofoten 1 | Olsen - Stokkvik - Reinholdtsen - Olsen |
| 7 | 162 | Årmot | Telemark 1 | Årmot - Ajer - Øberg - Hogstad - Jørstad - Jørstad |
| 8 | 158 | Berg | Hedmark og Oppland 3 | Berg - Vermund - Austdal - Båtstad - Andersen - Sørensen |
| 9 | 158 | Johnsen | Oslo 3 | Johnsen - Koppang - Arntzen - Stokkeland |
| 10 | 158 | Kristensen | Troms og Ofoten 3 | Kristensen - Olofsson - Bremseth - Harr - Jørgensen - Åhlen |
| 11 | 141 | Ekren | Møre og Romsdal 3 | Ekren - Mikkelsen - Smisetfoss - Ovrid - Ovrid - Paulsen |
| 12 | 138 | Helgeby | Vestfold 3 | Helgeby - Helgeby - Indlagen - Rikstad - Andersen - Syvertsen |

## Resultat 2. divisjon avdeling C

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 217 | Smith | Buskerud 1 | Smith - Evjen - Allard - Jensen - Røren - Saur |
| 2 | 208 | Thomassen | Helgeland 2 | Thomassen - Karlberg - Rydland - Riksvold - Fagerdal - Kristiansen |
| 3 | 207 | JA Olsen | Aust-Agder 1 | Olsen - Pedersen - Lindqvist - Lindqvist |
| 4 | 192 | Eliassen | Hedmark og Oppland 1 | Eliassen - Skjæran - Ellingsen - Eide - Eide - Eide |
| 5 | 171 | Wikstrand | Oslo 4 | Wikstrand - Gunnarsson - Wilt - Bøe - Hantveit - Garseg |
| 6 | 162 | Lutro | Haugaland 1 | Lutro - Nitter - Hansen - Urheim - Eileraas - Svendsen |
| 7 | 142 | Vestå | Lofoten og Vesterålen 1 | Vestå - Ellingsen - Digre - Winsnes |
| 8 | 142 | H Morken | Gudbrandsdal 1 | Morken - Hagen - Pedersen - Gjefsen - Lunna - Bartnes |
| 9 | 140 | Hoff | Sogn og Fjordane 1 | Hoff - Hjelmeland - Hoff - Kvamsdal |
| 10 | 134 | Fodstad | Oslo 2 | Fodstad - Hagen - Aarebrot - Sæterdal - Halderaker - Nordby |
| 11 | 127 | Brandsnes | Oslo 6 | Brandsnes - Brandsnes - Uran - Rønbeck - Digre - Hjelvik |
| 12 | 119 | Garli | Nord-Trøndelag 2 | Garli - Tuseth - Tuseth - Kjønnøy - Enge - Krogstad |

# Seriemesterskapet Vest-Agder 2012/2013

*Av Karl Olav Hansen*

Enda en vellykket sesong for seriemesterskapet i Vest-Agder er over. I 2. divisjon vant to av våre lag sine respektive puljer og rykker opp i vår øverste divisjon. Wow – for et bridgeår 2013/2014 skal bli for bridgemiljøet her i sør!

Rosfjord Strandhotell utmerker seg som et bridge-senter i Vest-Agder, der mange av våre arrangementer blir avviklet; forholdene legges til rette med spesial-priser til både oss som arrangører og deltakerne. Gaute Ubostad, som sammen med sin familie driver familiehotellet, er tredjegenerasjons bridgespiller. Rosfjord Strandhotell sammen med Sørlandsbadet

*Rosfjord Strandhotell – Norges vakreste bridgehotell?*



(over 200.000 besøkende hvert år) har tilført vår lille bykommune et viktig incitament for vekst. Det nye storprosjektet i forbindelse med hotellet



*Sørlandsbadet er en attraksjon med over 200.000 besøkende i året*

er Knertenland – en 40 mål stor aktivitetspark for store og små, som virkelig vil bli et trekkplaster for besøkende til vakre Lyngdal. I forbindelse med utvidelser av aktiviteter ved og rundt hotellet, bygges det 27 nye leiligheter. Vær rask på labben hvis en er interessert, da 18 allerede er solgt!




*Vår alles Anne-Cath Vestly*

Det er klart at vi med en viss stolthet ønsker å vise fram aktiviteter som lett kan kombineres med bridge. Drømmen er at vi som bridgespillere kan dra med resten av våre familier og tilby dem spennende aktiviteter mens vi gjør det vi har mest lyst til. Tror mange har det som meg når det kommer til det familiære: Ut på bridgetur – familie (nesten) alltid sur … som jeg håper blir snudd til: Ut på bridgetur – familie (nesten) aldri sur☺.

Beliggenheten, de mange aktivitetstilbudene og ikke minst den flotte naturlige badestranden, gjør Rosfjord Strandhotell til et av de beste familie- og bridgevennlige feriesteder i Norge. Hotellet ble for øvrig kåret til årets reiselivsbedrift i Sør-Norge i 2008.

Hvis dere er på våre kanter i sommer, er dere hjertelig velkomne til sommerbridgen på hotellet. Sett av 17. og 18. august, da vår storturnering Lyngdalturneringen går av stabelen.

Vår 4. divisjon hadde i år 16 deltakende lag. Andre helg baserte seg på resultatene fra første helg; det



*Lyse, luftige og trivelige lokaler*



*Katja og Marit mot veteranene Øystein og Per*

ble trukket en ny monrad der 1.-2., 3.-4. osv. skulle møte hverandre i første runde. Ni kamper à ti spill uten skift. Litt av hensikten med dette systemet er å tilpasse bridgen for alle – også de som enda ikke er så veldig rutinerte. Totalt på de to helgene spilles det 180 spill fordelt på 18 kamper.

Samtlige lag vant kamper, slik at alle som spilte i løpet av de to helgene får bokført forbundspoeng. To lag rykket opp til 3. divisjon. Vinnerne av puljen ble lag Lucky Luke fra Farsund BK med Ronny Kolnes, Alf Henning Nilsen, Trygve Undem og Arne Sudland på laget. På andreplass kom lag SØM 1, som bestod av Roy Van Putten, Terje Skårdal, Øystein Jensen, Per Skretting og Magne Lorentsen. Vi gratulerer lagene med opprykk til 3. divisjon. Begge lagene er sterke og vil nok sette sitt preg i toppen av 3. divisjon neste år.

Stemningen under helgens arrangement var som alltid svært god. Mange av spillerne valgte å overnatte fra fredag til søndag. Ekstra gledelig med mange positive tilbakemeldinger på Facebook, som er god reklame for bridgen, og forhåpentligvis gir oss enda flere lag tilbake til neste års arrangementer.

Vel blåst til alle, og hjertelig velkommen tilbake til neste års divisjonspilling.

Minner alle på Norges største "bridge for alle"-arrangement, Ruter7 Open, den første helgen i juni!



*Årets vinnere av 4.divisjon. Fra venstre Arne Sudland, Alf Henning Nilsen, Ronny Kolnes og Trygve Undem*

# Resultater 3. divisjon

## Avdeling A

| Plass | Poeng | Navn |
|---|---|---|
| 1 | 176.0 | Øst - Finnmark 1 |
| | | Leinan, Veseth, Jensen, Jensen |
| 2 | 170.0 | Vest - Finnmark 3 |
| | | Storjord, Guttormsen, Johansen, Lund |
| 3 | 159.0 | Vest - Finnmark 2 |
| | | Fredriksen, Anthonsen, Svanholm, Karlstad, Berglund, Karlstad |
| 4 | 157.0 | Troms og Ofoten 8 |
| 5 | 137.0 | Troms og Ofoten 7 |
| 6 | 132.0 | Troms og Ofoten 5 |
| 7 | 122.0 | Vest - Finnmark 4 |
| 8 | 109.0 | Øst - Finnmark 2 |
| 9 | 88.0 | Øst - Finnmark 3 |
| 10 | 83.0 | Vest- Finnmark 5 |

## Avdeling B

| Plass | Poeng | Navn |
|---|---|---|
| 1 | 160,0 | NBF Salten 2 Nergaard |
| | | Nergaard - Øvervatn - Furset - Christensen - Hole |
| 2 | 159,2 | NBF T&O 4 Kristiansen |
| | | Kristiansen - Risnes - Risnes - Gosvig - Lind |
| 3 | 151,2 | NBF LoVe 5 Andreasen |
| | | Andreasen - Bergsrud - Andreassen - Forsaa |
| | 151,2 | NBF T&O 10 Lichtwarck |
| | | Lichtwarck - Lichtwarck - Ottemo - Eriksen |
